

## BYGDEBOKNEMNDA FOR LINDÅS SOKN - ÅRSMELDING 2018

Det har vore to møte for heile nemnda, og ein del kontakt pr. telefon og e-post. Jarle m.fl. deltok med stand på Liv og lyst-tilstelling i Lindåshallen 8. april, og på Vårsleppet 25. april. Her la me mest vekt på presentasjon av heimesida. Jarle hadde orientering for interesserte i Lindåshallen med god oppslutning frå to grupper, og han hadde laga ein biletserie me synte i senteret. Heimesida har vore flittig brukt, pr.18.02. 2019 har 143 722 vore innom! Målet no er å leggja ut nytt stoff som kan gjera det interessant å sjå innom, enten det er bilete, nytt om intervju, stadnamn, slekt eller anna. Dette vonar me å få til alt i vår.

I oktober hadde me sammøte med nemnda for Myking-boka og markerte overtakinga av buet, som utgjer restlageret av bøker og ein pengesum. Pengane står på eigen, ny, konto, og restlageret er plassert på Lindås og hjå eit par personar. Det vert ført eigen rekneskap for dette. Dei som har vore i styret for Myking-boka vert inviterte til å delta i arbeidet i Lindås bygdeboknemnd! Me fekk fin omtale i Strilen av møtet, og gode tilbakemeldingar på det.

I desember prøvde me på ein ny vri, me hadde ope bygdebok-kontor tre dagar før jul. Melding om dette la me inn som annonser i lokalavisene og som påminningar. Dette kosta ein del, og salet av bøker var ikkje nok til å dekkja utgiftene, men me opplevde at nokre tok kontakt og kjøpte bøker utanom desse dagane. Ein konklusjon er at me bør gjera ein betre jobb med store plakatar i senteret, og kanskje og betre annonser?

I samband med nye eigarar i senteret vert husleiga rekna på ein annan måte enn tidlegare, og me betaler ein større del av fellesutgiftene. Husleiga har dermed auka ein del. Me valde likevel å fornya leigekontrakten for nye fem år. Slik me ser det, er det framleis trong for eit lokale til å oppbevare arkivstoff, intervjukassetar/minidiskar og bøker på lager, og me synest plasseringa i senteret fungerer godt.

Arkivstoff etter Kolbjørn Fjellanger har vore utlånt til nemnda som skriv saga om BNT, ved Petter H. Fosse. Det er stadig spørsmål om slekt frå ulike stader i verda, og eit hyggeleg oppdrag kom frå Harald Sundsbø, som under vikarteneste i Brønnøysund hadde møtt ein Martin Fanebust, som visste at han hadde slekt på Lindås, men ikkje så mykje meir. Norvald sette i gang med grundige undersøkingar, og snart synte det seg at Martin hadde forbindelsar både til Fanebust, Raunhaugane og Keilen, ja at han var i slekt med fleire av nemndmedlemene!

Ny organisering av nemnda. Dette har vore eit ønske frå medlemmene ei stund. Med nye arbeidsfelt, nye folk og aukande alder på dei opphavelige styremedlemmene er det naturleg med ei endring. På årsmøtet 2018 vart det bestemt at frå og med neste årsmøte bør dette vera i orden. Ut frå det som har kome fram på dei to siste årsmøta, kjem leiar med framlegg.

Sidan me er vane med å leva nøkternt, er **økonomien** under kontroll, og me har framleis nokre reservekroner i banken, vel 52 000 kroner. Salet av bygdebøker gav 9748 kroner, for i alt 22 bøker. Kommunalt tilskot på 5000 kroner, tilskot til husleige på 6000 kroner frå bygdelaget (betaling for 2 år) og grasrotmidlar på 3342 kroner utgjer resten av inntektene.

---

Dei største utgiftene våre har vore husleige og senteravgift på 14 394 kroner, og kontorutgifter på vel 10 000 kroner, medrekna kjøp av ny pc med skrivar og utstyr. Me er og medlemmer i Slekt og data, og mottek medlemsblad med mykje interessant stoff, og det kostar nokre kroner året å leiga web-hotell. Kontorfellesskap med bygdelaget har fungert godt, og me vonar det vil halda fram. Me er svært nøgde med kontorplassen vår i senteret. Det å ha ein stad å oppbevara arkivmateriale og bøker, er viktig!

På kontoen til Myking-boka sto pr. 31.12.2018 50848 kr. Det vart seld 16 bøker i året for 300 kroner stykket, altså ei inntekt på 4800 kroner.

Gjertrud Fanebust  
Leiar

Irene Iversen  
Nestleiar

Reidar Haukås  
Styremedlem

Audun Fanebust  
Styremedlem

Hans J. Låstad Lygre  
Styremedlem

Sigbjørn Tenjum  
Styremedlem

Karstein Stene  
Styremedlem

Ove Jan Paulsen  
Styremedlem

Kjell Hauge  
Kasserar